

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet/møte med Telemarksbenken 24. mai 2016. (2)

Tilstades:

Terje Lien Åsland, Solveig Sundbø Abrahamsen, Bård Hoksrud, Geir Jørgen Bekkevold og Christian Tynning Bjørnø.

Fylkesvaraordfører Hans Edvard Askjer og regionkontakt Therese Surdal Lahus.

Regionordfører Erik Skjervagen, Jon Rikard Kleven, Tarjei Gjelstad, Jarand Felland, Halvor Homme, Halfdan Haugan, Ketil Kiland, Anders Sandvik, Øystein Tveit, Brit Houge, Sverre Sæter, Kari Gro Espeland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggnes.

Sak 18/2016 Referat frå rådsmøte 15. mars 2016.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 15. mars 2016 vert samrøystes godkjent.

Sak 19/2016. Rullering av Nasjonal Transportplan 2018 - 2029.

Forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet.

Regionordfører orienterte nærare om korleis rulleringa av transportplanen har gått føre seg i Telemark. Det er gjennomført ein grundig prosess i regi av fylkeskommunen, der alle kommunane/regionane og ei rekkje organisasjonar har vore involvert. Arbeidet har gjeve grunnlag for ei formell høyringsuttale som skal opp til endeleg handsaming i fylkestinget i juni. Hovudprioriteringane i uttala er E134 Haukelivegen og dobbeltspor gjennom Søndre Vestfold.

På bakgrunn av dette låg det frå administrasjonens side føre forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet. I uttala gjev regionen full støtte til Telemark fylkeskommune si uttale til planen, og peikar særskilt på behovet for nye tunnelar på Haukelifjell og behovet for å gjennomføre ei konseptvalutgreiing for armen til Bergen.

Vedtak: Med ei mindre endring i nest siste avsnitt, godkjenner Vest-Telemarkrådet det framlagte forslaget til uttale i samband med rulleringa av Nasjonal Transportplan 2018 - 2029.

Samrøystes vedtak.

Sak 20/2016. Ny energimelding / forslag om å legge om konsesjonskraftordninga.

I ei nyleg utarbeidd stortingsmelding ligg det føre forslag om viktige endringar i dagens rammeverk for vasskraft-sektoren.

Meldinga oppfatast å innehalde målsettingar om å fjerne/svekke dagens regelverk for konsesjonskraft og dermed føre til store inntektsreduksjonar for vertskommunane og fylkeskommunen. Berre i Telemark blir samla konsesjonskraft-inntekter på 200 mill kroner sett i spel. Stortingsmeldinga skal handsamast i Energi- og miljøkomiteen, og med dette som utgangspunkt drøfta Vest-Telemarkrådet saken i lag med representantane frå Telemarksbenken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek drøftingane til vitande, og vil sende uttale til Energi- og miljøkomiteen på Stortinget innan 6. juni.

Administrasjonen lagar forslag til uttale som sendast ordførarane til godkjenning.

Fylkesvaraordfører avklarar om uttaleforslaget kan støttast av Telemark fylkeskommune, og kopi av uttala vert å sende fylkesordførar og fylkesvaraordførar.

Sak Sak 21/2016. Nærpolitireformen - bakvakt/lensmannskontor.

Saken har sitt utgangspunkt i nærpolitireformen med endra organisering og færre lensmannskontor. Omorganiseringa har medført auka responstid i distrikta, og i tillegg er det også betydelege feilkilder i registreringa av responstida.

Det er fleire tilfelle der politiet avstår frå å rykke ut pga. at dei sjølve vurderer avstandane for store til at dei kan rekke fram og bidra til å avklare situasjonen. Desse tilfella, vert ikkje registrert i det heile, og medfører såleis at statistikkane blir ”for gode”.

På denne bakgrunn vart saken teke opp til drøfting med Telemarksbenken.

Regionordførar orienterte nærare om saken, og viste til at politi-tenesten er vesentleg redusert i distrikta. For å bøte på dette, er det ynskjeleg å gjenopprette den tidlegare ordninga med bakvakt ved lensmannskontora.

Vedtak: Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet får i oppdrag å formulere eit brev til politimeisteren i Sør-Øst politidistrikt der ein foreslår å gjenopprette ordninga med bakvakt. Ein skal mellom anna peike på problematikken med auka responstid og mangelfull registrering i samband med dette.

Forslaget til brev sendast ordførarane til godkjenning, og det endelege brevet vert i tillegg til politimeisteren også sendt medlemmene av Telemarksbenken.

Sak 22/2016 Orienteringssaker.

Vinje-senteret - presentasjon.

Jon Rikard Kleven orienterte nærare om saken.

Vinje-senteret leggjast til Vinje skule/Vinjar og vil inngå som ein del av stiftinga *Nynorsk kultursentrum* på linje med Aasen-tunet og Hauge-senteret. Museet er tenkt å bli eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlings-senter på internasjonalt nivå om diktning og journalistikk, og skal dokumentere saksfelt ingen andre museum dekkjer.

Museet vil opnast for fullt publikums-tilbod i 2019.

VTR orienterer om regionale utviklingsprosjekt.

Kommunereformen i Vest-Telemark.

Regionrådsleiar orienterte om arbeidet som har gått føre seg i samband med kommunereformen. Etter formell oppstart september 2014 er det gjennomført både eit forstudium og eit forprosjekt. Den politiske handsaminga i kommunane har gjeve avklaring i høve dei ulike samanslåingsalternativa, og konklusjonen er at ein vil behalde dagens kommunestruktur i regionen og vidareutvikle/styrkje det interkommunale samarbeidet.

For det vidare arbeidet der det utarbeidd forslag til prosjektspesifikasjon som i nær framtid skal handsamast av rådmennene som er styringsgruppe for prosjektet. Politisk handsaming i kvar enkelt kommune vil skje til hausten.

Utviklingsprogram for byregionar (ByRegionprogrammet)

Ole Dalen, som leier prosjektet, orienterte nærare om saken.

ByRegionprogrammet skal auke kunnskapen om samspelet mellom by og omland for å styrkje desse områdas regionale vekstkraft. I vår region er det stor fokus på å utvikle næringshagemiljø i kvar enkelt kommune, og målsettinga er å finne koplingar mellom omland og sentrumsstruktur. Prosjektet har finansiering frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, alle 6 kommunane deltek. Tokke kommune har stått som formell søkjar til midlane, og prosjektet skal etter planen vera ferdig i 2017.

Orientering frå Telemarksbenken.

Terje Lien Åsland orienterte avslutningsvis om saker som er til handsaming i Stortinget for tida. Det vart orientert kort om viktige saker som: Kommune-proposisjon, revidert nasjonalbudsjett, integrering av flykningar, energimeldinga, ulvemeldinga, skatteforliket og jordbruksoppgjæret.

I tillegg var det fokus på finansieringa av næringshagar, ordninga ein i dag har gjennom SIVA og ynskjete om ytterlegare finansiering til dette føremålet.

Vedtaket: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes